

Kvartalsrapport 2012

2. kvartal

KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2012

Kvartalsrekneskapen er sett opp etter reglane i rekneskapslova av 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar. Utlånsforskrifta av 2004 er nytta i samband med vurdering av utlån og garantiar.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultatrekneskapen

Pr. 2. kvartal i 2012 har Tysnes Sparebank eit resultat etter skatt på 4,287 mill eller 0,90% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanlikna med same periode i 2011 er dette ein resultatauke på 0,915 mill.

Rentemarginen er 9,837 mill og utgjer 2,05% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Same tal for 2011 var 10,461 og 2,27%. Ein forventar låg rentemargin vidare både som fylgje av lågt rentenivå og konkurransetilhøva på utlåns- og innskotssida..

Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter syner ein nedgong på 0,142 mill samanlikna med same periode i 2011 medan samla kostnader ekskl. tap på utlån syner ein auke på 0,184 mill. Totale driftskostnader i perioden utgjer 69,3% av sum driftsinntekter mot 63,6% for same periode i fjor.

Tap på utlån er bokført med (2,277) mill så langt i år mot 0,019 mill i fjor. Individuell nedskriving for eit engasjement er delvis tilbakeført etter oppnådd forlik med forsikringsselskap. Banken har ikkje hatt tap på garantiar. Banken sin kredittrisikoprofil skal vera lav/moderat.

Brutto misleghaldne engasjement (90 dagar og eldre) er redusert med 0,229 mill til 9,149 mill sidan årsskiftet. Etter reglane er då heile kundens engasjement rapportert sjølv om berre ein mindre del av det er misleghalde. Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne

engasjement er i same perioden auka med 0,096 mill til 4,991 mill..

Individuelle nedskrivingar er redusert med 2,600 mill og gruppenedskrivingar er auka med 0,200 mill sidan årsskiftet. I same tidsrom er det inntektsført 0,161 mill som renteinntekt på lån med individuell nedskriving.

Skatt på ordinært resultat pr. 30/6 2012 er berekna til 1,606 mill.

Balansen

Forvaltningskapitalen i Tysnes Sparebank er 973,787 mill pr. 30/6 2012. Dette er ein auke på 26,527 mill samanlikna med same periode i 2011 og ein nedgong på 2,074 mill sidan 31/12 2011.

Netto utlån til kundar er auka med 12,428 mill sidan årsskiftet medan innskot frå kundar er auka med 23,121 mill.

Obligasjonsbehaldninga, som i si heilhet er definert som anleggsmidlar, er redusert med 0,398 mill. sidan årsskiftet.

Ledige likvide midlar er plassert som innskot i andre bankar.

Eigenkapital

Banken har ein eigenkapital på 93,552 mill medrekna resultat for perioden. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 9,60.

Kapitaldekning

Frå og med 2008 gjeld nye reglar for kapitaldekning i samsvar med Basel II. Minstekrav til dekning herunder er 8%. Tysnes Sparebank har pr. 30/6 2012 ei kapitaldekning på 16,05% ekskl. resultat i perioden.

Tysnes, 14. august 2012
i styret for Tysnes Sparebank


Leif Magne Hovland
leiar

Bente Raknes
nestleiar


Vidar Høviskeland


Merete Flakke


Agnetha Brekke


Britt Ersvær


Siri Berggreen
banksjef

Resultatrekneskap

Beløp i heile tusen			% av gj.sn.forvaltningskapital			
30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011		30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011
20.640	19.488	40.634	Renteinntekter og liknande inntekter	4,31	4,22	4,27
10.803	9.027	19.908	Rentekostnader og liknande kostnader	2,26	1,96	2,09
9.837	10.461	20.726	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,05	2,27	2,18
205	417	417	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,04	0,09	0,04
2.218	2.370	5.198	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,46	0,51	0,55
594	778	1.607	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	0,12	0,17	0,17
71	27	111	Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	0,01	0,01	0,01
45	51	102	Andre driftsinntekter	0,01	0,01	0,01
1.945	2.087	4.221	Netto andre driftsinntekter	0,41	0,45	0,44
11.782	12.548	24.947	Sum driftsinntekter	2,46	2,72	2,62
5.651	5.361	11.515	Løn og generelle administrasjonskostnader	1,18	1,16	1,21
450	450	900	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	0,09	0,10	0,09
2.065	2.171	3.939	Andre driftskostnader	0,43	0,47	0,41
8.166	7.982	16.354	Sum driftskostnader	1,71	1,73	1,72
3.616	4.566	8.593	Resultat av ordinær drift før tap	0,76	0,99	0,90
(2.277)	19	2.201	Tap på utlån, garantiar m.v.	(0,48)	0,00	0,23
-	-	(42)	Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	-	(0,00)
5.893	4.547	6.434	Resultat av ordinær drift før skatt	1,23	0,99	0,68
1.606	1.175	1.966	Skatt på ordinært resultat	0,34	0,25	0,21
4.287	3.372	4.468	Resultat av ordinær drift etter skatt	0,90	0,73	0,47

Balanse

	Beløp i heile tusen		
	30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011
Eignelutar			
Kontantar og krav på sentralbankar	61.417	43.464	57.311
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	4.536	17.582	23.240
Brutto utlån til og krav på kundar	860.412	839.057	850.384
- Nedskrivningar på utlån	9.435	9.635	11.835
Netto utlån til og krav på kundar	850.977	829.422	838.549
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	30.286	31.078	30.684
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	8.662	7.395	7.760
Immaterielle eigneluter	28	-	28
Varige driftsmidlar	12.146	13.046	12.596
Andre eigneluter	42	14	18
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	5.693	5.259	5.675
Sum eigneluter	973.787	947.260	975.861
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	52.531	84.000	90.000
Innskot frå og gjeld til kundar	811.966	762.271	788.845
Anna gjeld	4.377	2.935	5.193
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	10.440	8.667	1.637
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktelsar	921	1.020	921
Sum gjeld	880.235	858.893	886.596
Opptent eigenkapital	89.265	84.995	89.265
Udisponert overskot	4.287	3.372	
Sum eigenkapital	93.552	88.367	89.265
Sum gjeld og eigenkapital	973.787	947.260	975.861
Postar utanom balansen			
Garantiar	23.678	19.784	21.402
Bokført verdi av eigneluter stilt som sikkerhet for pantgjeld o l	30.253	31.033	30.643

Kvartalsvis resultat

	Beløp i hele tusen				
	2. kvartal	1. kvartal	4. kvartal	3. kvartal	2. kvartal
	2012	2012	2011	2011	2011
Renteinntekter og liknande inntekter	10.253	10.387	10.701	10.445	9.826
Rentekostnader og liknande kostnader	5.238	5.565	5.591	5.290	4.540
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	5.015	4.822	5.110	5.155	5.286
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	161	44	-	-	384
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.135	1.083	1.416	1.412	1.195
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	304	290	408	421	377
Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	50	21	34	50	16
Andre driftsinntekter	10	35	23	28	25
Netto andre driftsinntekter	1.052	893	1.065	1.069	1.243
Sum driftsinntekter	6.067	5.715	6.175	6.224	6.529
Løn og generelle administrasjonskostnader	2.569	3.082	3.482	2.672	2.413
Avskrivninger m.v. av varige driftsmidler	225	225	225	225	225
Andre driftskostnader	645	1.420	794	974	963
Sum driftskostnader	3.439	4.727	4.501	3.871	3.601
Resultat av ordinær drift før tap	2.628	988	1.674	2.353	2.928
Tap på utlån, garantier m.v.	(2.314)	37	1.591	591	24
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	-	-	-	(42)	-
Resultat av ordinær drift før skatt	4.942	951	83	1.804	2.904
Skatt på ordinært resultat	1.340	266	286	505	725
Resultat av ordinær drift etter skatt	3.602	685	(203)	1.299	2.179

Noteopplysninger

	Beløp i hele tusen		
	30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011
Tapskostnad			
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	(2.600)	(100)	5.400
Periodens endring i nedskrivning av grupper av utlån	200	-	(3.300)
Periodens konstaterte tap på lån med tidlegare nedskrivning	81	100	100
Periodens konstaterte tap på lån uten tidlegare nedskrivning	100	102	101
Periodens inngang på tidlegare perioders konstaterte tap	(58)	(83)	(100)
Periodens tapskostnader	(2.277)	19	2.201
Herav periodens tap på garantier	-	-	-
Endring i individuelle nedskrivninger			
Individuelle nedskrivninger pr. 01.01	7.835	2.435	2.435
Periodens konstaterte tap på utlån som tidlegare er nedskrivne	(100)	(100)	(100)
Auke i nedskrivninger	-	-	-
Nye nedskrivninger	-	-	5.500
Tilbakeførte nedskrivninger	(2.500)	-	-
Individuelle nedskrivninger ved utgangen av perioden	5.235	2.335	7.835
Herav spesifisert tapsavsetjing garantiansvar	-	-	-
Endring i gruppenedskrivninger			
Gruppenedskrivninger pr. 01.01	4.000	7.300	7.300
Endring i perioden	200	-	(3.300)
Gruppenedskrivninger ved utgangen av perioden	4.200	7.300	4.000
Herav uspesifiserte tapsavsetjinger garantiansvar	-	-	-
Mislighald			
Brutto mislighaldne engasjement (over 90 dager)	9.149	4.960	9.378
Individuelle nedskrivninger	(2.950)	-	(5.500)
Netto mislighaldne engasjement	6.199	4.960	3.878
Tapsutsette, ikke mislighaldne engasjement	4.991	5.138	4.895
Individuelle nedskrivninger	(2.285)	(2.335)	(2.335)
Netto tapsutsette, ikke mislighaldne engasjement	2.706	2.803	2.560
Kapitaldekning			
Beregningsgrunnlag kapitaldekning	537.563	514.925	538.184
Netto ansvarleg kapital	86.258	82.354	86.258
Kjernekapital	86.258	82.354	86.258
Kapitaldekning i prosent (eksklusive periodens resultat i perioderekneskapen)	16,05 %	15,99 %	16,03 %